

Fra: Bybanekunst - Postmottak (Bybanekunst@hfk.no)

Sendt: 16.03.2016 13:23:50

Til: azaralsharif@gmail.com; 'anders.moe@hotmail.com'; 'Lutz-Rainer Muller (lutz-r.mueller@gmx.de) (lutz-r.mueller@gmx.de)'; 'DyveSann@khio.no'; 'jan_b_christensen@yahoo.com'; 'marius_dahl@hotmail.com'; 'stian@l-plus-s.com'

Kopi: Jørgen Blitzner (jorgen@blitzner.net); hilde@skjeggestad.org; Ronny Skaar; Anette Durr Thomassen

Emne: innlevering av materiale Flesland

Vedlegg: image001.png

Til kunstnarane i konkurransen om kunstprosjekt til Bybanen sitt endestopp på Flesland

Håper arbeidet med kunstprosjektet går fint for dykk alle. No er det nokre veker igjen før innleveringsfristen, og vi ønskjer å vite kva måte den enkelte av dykk ønskjer å levere arbeidet. Slik det er skrive i invitasjonen kan de levere på ulike måtar.

I tillegg til dei måtane som er lista opp i kontrakten kan de sende materiale på e-posten her bybanekunst@hfk.no. Om de trur at det vil verte for tunge filer / vanskeleg å sende pr vanleg e-post må de gje oss melding slik at vi kan opprette ein Dropbox for den enkelte. Frist for både innsending pr e-post og opplasting er 4. april 2016 kl. 2400.

Om de t.d. vil levere ved oppmøte før den 4de, kan vi avtale slik at vi sikrar at materialet kjem oss rett i hende. **Så vi ber dykk alle om å gje oss melding på e-post om kva innleveringsmåte de ønskjer.** Vi ser fram til å sjå resultatata.

Utdrag frå invitasjonen til lukka konkurranse:

8. Materiale som skal leverast

- a. Skisse(r) som visualiserar forslaget på ein ukomplisert måte.
- b. Utgreiing som forklarar forslaget, dets intensjonar, materialbruk og evt. konstruksjonar.
- c. Teknisk utgreiing om materialval, konstruksjonar og tekniske løysningar.
- d. Materialprøve, om relevant og ønskjeleg.
- e. Budsjett.
- f. Anna relevant materiale.

Framstillingsforma er fri, og kunstnarane kan i tillegg til dei opplista krava levere det materiale dei finn naudsynt for å tydeleggjere sitt framlegg.

10. Levering

Alt materiale skal merkast: Kunstprosjekt Bybanen3, Flesland, arkivnummer 15/9353

Materialet skal vere poststempla, eller vera HFK i hende, seinast 4. april 2016. Levering må skje innan kl. 15.00.

*Postadresse: Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga v/ Tone Stedal Haugland
PB 7900
5020 Bergen*

*Ved levering: Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga v/ Tone Stedal Haugland
Agnes Mowinckels gate 5
Bergen*

*Materialet kan og leverast digitalt. Frist for opplasting er 4. april 2016 kl. 2400.
Informasjon om opplastingsstad vert gitt innan 4. mars 2016.*

Helsing

Kunstkomiteen for Bybanen

Tone Stedal Haugland

Seniorrådgjevar

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga

Seksjon for kunst- og kulturformidling

Tlf 55 23 91 92

Tone.stedal.haugland@hfk.no

hordaland.no



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**